

KOMMISJONENS GJENNOMFØRINGSavgjerd (EU) 2016/851**2020/EØS/34/07****av 26. mai 2016****om endring av vedlegget til vedtak 2009/719/EF med omsyn til løyve til at Kroatia reviderer det årlege programmet sitt for overvaking av BSE***[meld under nummeret K(2016) 3097](*)*

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 999/2001 av 22. mai 2001 om fastsettelse av regler for å forebygge, bekjempe og utrydde visse typer overførbare spongiform encefalopati⁽¹⁾, særleg artikkel 6, og

ut frå desse synsmåttane:

- 1) I forordning (EF) nr. 999/2001 er det fastsett reglar for å forebygge, nedkjempe og utrydde spongiform encefalopati som kan overførast (TSE) hjå dyr. Ifølgje forordninga skal kvar medlemsstat gjennomføre eit årleg program for overvaking av TSE basert på aktiv og passiv overvaking, i samsvar med vedlegg III til den nemnde forordninga. I tillegg er det i artikkel 6 nr. 1b i forordning (EF) nr. 999/2001 fastsett at medlemsstatar som kan dokumentere ei betring i den epidemiologiske situasjonen i landet, i samsvar med visse kriterium i kapittel A del I nr. 7 i vedlegg III den nemnde forordninga, kan få revidert det årlege overvaksingsprogrammet sitt.
- 2) Kommisjonsvedtak 2009/719/EF⁽²⁾ gjev dei medlemsstatane som er oppførte i vedlegget til vedtaket, løyve til å revidere dei årlege programma sine for overvaking av bovin spongiform encefalopati (BSE) i samsvar med artikkel 6 nr. 1 b) i forordning (EF) nr. 999/2001. Det er for tida 25 medlemsstatar på lista i vedlegget, dvs. alle medlemsstatane bortsett frå Bulgaria, Kroatia og Romania.
- 3) Den 22. januar 2015 la Kroatia fram for Kommisjonen ein søknad om å få revidere det årlege programmet sitt for overvaking av BSE.
- 4) Den europeiske styresmakta for næringsmiddeltryggleik (EFSA) offentliggjorde 8. februar 2016 ein vitenskapleg rapport om revisjonen av ordninga for overvaking av BSE i Kroatia⁽³⁾ («EFSA-rapporten»). EFSA-rapporten viser at tilføyinga av Kroatia til den epidemiologiske eininga som for tida omfattar dei 25 medlemsstatane som er oppførte i vedlegget til vedtak 2009/719/EF, skulle gjere det mogleg å påvise ein hypotetisk prevalens på eitt tilfelle per 3789838 vaksne dyr med eit 95 % konfidensintervall i ei epidemiologisk eining som omfattar desse 25 medlemsstatane pluss Kroatia, såfram den noverande overvaksingsordninga som vart godkjend ved vedtak 2009/719/EF, vert gjennomført for desse 25 medlemsstatane. Den hypotetiske prevalensen er meir følsam enn minstekravet til hypotetisk prevalens for overvaking av type A, som er definert i kapittel D nr. 1 bokstav a) i vedlegg II til forordning (EF) nr. 999/2001 som eitt tilfelle per 100 000 hjå den vaksne storfepopulasjonen i den aktuelle staten eller regionen, med eit 95 % konfidensintervall.
- 5) Frå 14. til 23. juni 2010 og frå 26. november til 6. desember 2012 gjennomførte Kommisjonen revisjonar i Kroatia med sikte på å vurdere tiltak med omsyn til BSE («Kommisjonens revisjonar»). Kommisjonens revisjonar omfatta systemet for identifikasjon og sporing av storfe og gjennomføringa av fôrforbodet i Kroatia. Resultatet av Kommisjonens revisjonar vart difor nytta i vurderinga av om søknaden frå Kroatia oppfyller dei kriterium som er fastsette i kapittel A del 1 nr. 7.1 bokstav b) og c) i vedlegg III til forordning (EF) nr. 999/2001.

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 141 av 28.5.2016, s. 131, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 73/2017 av 5. mai 2017 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitere forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 11 av 7.2.2019, s. 10.

⁽¹⁾ TEF L 147 av 31.5.2001, s. 1.

⁽²⁾ Kommisjonsvedtak 2009/719/EF av 28. september 2009 om løyve til at visse medlemsstatar reviderer dei årlege programma sine for overvaking av BSE (TEU L 256 av 29.9.2009, s. 35).

⁽³⁾ *EFSA Journal* 2016;14(2):4399.

- 6) På bakgrunn av opplysningane i søknaden om revisjon av det årlege programmet til Kroatia for overvaking av BSE, opplysningane i EFSA-rapporten og opplysningane frå Kommisjonens revisjonar, er søknaden frå Kroatia teken til følge. Kroatia bør difor få løyve til å revidere det årlege overvakingsprogrammet sitt på dei same vilkåra som dei 25 andre medlemsstatane som er oppførte i vedlegget til vedtak 2009/719/EF.
- 7) Vedlegget til vedtak 2009/719/EF bør difor endrast.
- 8) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for planter, dyr, næringsmiddel og fôr —

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I vedlegget til vedtak 2009/719/EF vert posten «— Kroatia» sett inn etter posten «— Frankrike» og før posten «— Italia».

Artikkel 2

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel 26. mai 2016.

For Kommisjonen

Vytenis ANDRIUKAITIS

Medlem av Kommisjonen